

Årsmelding 2023 ,Seniornett Klepp.

Betalende medlemmer i Seniornett Klepp desember 2023 er 67 medlemmar. Nokre medlemmar har slutta, og nye har begynt.

Seniornett Norge sender rekning/kontingent for 2024 i januar til medlemmane med registret e-post adr.

Aktiviteter:

Styret har hatt 3 styremøte og behandla 11 saker.

Enok Ueland oppdaterer heimesida vår, under Seniornett.no.

I vårsemesteret 12.01.23 / 27.04.23 hadde me 14 møter. Eit møte om personvern var på Klepp Bibliotek.

I haustsemesteret 07.09.23 / 23.11.23 hadde me 11 møte. 21.09 .23 Digital festival var på Klepp Bibliotek.

Det har vore varierende frammøte, 15 - 27 personer på kvart møte. Undervisninga har følgd oppsett program for vår og haust.

Seniornett Klepp hadde 3 utsendingar, Borghild Friestad, Enok Ueland og Eli Vigane, til Seniornett Norge sitt årsmøte i Drammen , 04-05 mai 2023.

Borghild har deltatt på Datastuen, Sandnes . Der informerte ho om korleis me driv i Klepp.

Enok og Eli var med på eit møte med Klepp FrivilligBørs.

Seniornett Norge har fått nytt medlemsregister, **StyreWeb**. Det var høve til å fylgja rettleiing angående nytt medlemsregister på Team, og 3 av styret sine medlemmar deltok.

Den nye PC som vart kjøpt i 2022 er bra, og blir brukt på møta.

Seniornett sine «datanettpenner» er kjøpt og delt ut til medlemmar.

Seniornett sine ryggsekkar , 5 stk. er kjøpt til styret sine medlemmar.

Momskompensasjonen for 2022 var 3254 kroner.

Styret i 2023:

Leiar : Borghild Friestad, sekretær: Torunn Hodne, kasserar: Eli Vigane , styremedlem: Aslaug Hegre, varamedlem: Enok Ueland.

Revisor: Jan Marius Olsen, vararevisor: Grete Line Helgøy.

Valnemd; Borghild Austrått, Nelly Fagerland, Olaug Øksnevad.

Styret takkar for året som har gått, og takker for dei som stiller opp til kaffikoking og rydding.

Kleppe 04.01.2024. Styret for Seniornett Klepp